

Lars Meling

Norsk Arkeologisk Selskaps vårtur til Sør-England 10.–15. mai 2018

Torsdag 10. mai gikk 93 deltakarar om bord i flyet som tok oss til Heathrow. Der møtte vi dr. Stuart Brookes, vår guide under heile turen. Turen var lagd opp av styremedlem og turleiar Sonja Robøle med god hjelp av arkeologane Stuart Brookes og Fay Stevens, som hadde utarbeidd eit flott fagleg opplegg. Generalsekretær Frode Iversen var vår faglege kvalitetssikrar. Vi hadde to store, gode bussar, som vanleg kopla saman med NAS' radio-kommunikasjonssystem.

Første stopp var Hastings, med Battle Abbey og slagstaden der Vilhelm Erobraren vann over Harold Goodwinson i 1066. Stuart gav oss undervegs ei orientering om området vi kørde gjennom, og om folk som hadde budd der i historisk tid. Vi passerte gjennom tre counties med sine historiske småkongedøme. Alfred den store (849–899), konge av Wessex frå år 871 til han døydde, samla småkongedøma og vart den mektigaste kongen i England. Han vert rekna for å vere ein av dei mest sentrale personane i samlinga av England, og tidleg på 900-talet vart England eitt kongedøme. Frå om lag år 1000 var England eit «moderne» kongedøme og relativt økonomisk velstående.

I byen Battle, oppkalla etter slaget, fekk vi omvisning på slagstaden og i klosteret Battle Abbey. Vilhelm fekk sett i gang bygginga av klosteret nett på den staden der slaget hadde stått, før han døydde i 1087. Kyrkja vart ferdig rundt 1094 og vart innvigd under Vilhelms son, Vilhelm Rufus. Høgaltaret vart reist der ein meiner Harold Goodwinson fall.

På vegen vidare passerte vi det normanniske slottet ved Arundel. Normannarane endra det engelske samfunnet vesentleg, bl.a. reduserte dei det angelsaksiske aristokratiet frå ca. 10 000 til ca. 2000. Vi kom fram tidleg kveld til vårt hotell Hilton Avisford Park i Arundel, og vart serverte ein velsmakande middag.

Neste dag besøkte vi først Fishbourne Roman Palace i Chichester, West Sussex, som har Storbritannias største samling mosaikkar på sin opphavlege stad. Romarane var i Britannia til år 410 evt. Dei bygde store forsvarsverk og vegar, og hadde små busetnader med offentlege bad, villaer og hagar, slik det var vanleg ved Middelhavet. Desse småbyane vart kalla oppidum. Dei større byane var civitas, med ein urban status. Colchester var hovudbyen. Frå år 61 evt. var det slutt på motstanden mot romarane, og den romerske eliten vart på 300–400-talet meir engasjert i bygging av villaer med mosaikk o.l. enn i krigføring.



Figur 1. Stuart Brookes forklarer konstruksjonen på festningsverket Portchester Castle, generalsekretær Frode Iversen til venstre. Foto: Leif Dan Birkemoe.



Figur 2. Turdeltakarane beundrar mosaikkane i Fishbourne Roman Palace. Foto: Leif Dan Birkemoe.



Figur 3. Krigsskipet «Mary Rose», som sakk i 1545. Foto: Leif Dan Birkemoe.

Fishbourne Roman Palace and Gardens har vore eit svært palass, bygd for nesten 2000 år sidan. Villaen vart utgraven ordentleg i 1960, men ein gjorde funn av mosaikk der alt i 1805. I storleik kan denne villaen tevle med dei store, flotte villaene i Roma, og var det største romerske bustadkomplekset nord for Alpane. Bygget var rektangulært og omgitt av kunstferdige hagar. Den nordlege halvparten er rekonstruert. Her vart høgtståande dignitærar tekne imot. Vi beundra mosaikkbileta i kvadrat, som da var moderne i Roma og i Italia elles. «Cupid on a Dolphin» vart rekna som det vakraste, med eit mønster med diamantar i tre av hjørna. Mosaikkmakarens merke var fugl og blom, som er lett å sjå. Romerske handverkarar utførte dette arbeidet, bl.a. skjelmosaikken med påfuglform. I alt er det 50 rom med mosaikk her. Villaen brann i år 280 evt., og vart sidan øydelagd. Sussex arkeologiske samfunn tar no vare på villaen. Det er oppført museum her med bl.a. ein fin, pedagogisk modell av anlegget.

Vi drog vidare til Portchester. På vegen passerte vi eit keltisk tempel som var under utgraving ved Hayling. I Portchester besøkte vi Portchester Castle. Portchester ligg seks km nordvest for Portsmouth. Portchester Castle er eit slott frå mellomalderen, bygd innanfor det romerske fortet. Portchester hadde ein viktig strategisk funksjon fordi staden ligg ved innseglinga til Portsmouth. Romarane bygde borger og andre forsvarsverk for å verne seg mot åtak. Portchester har sitt namn frå Portus Adurni, eit romersk fort, og det gamalengelske suffikset ceaster har vorte til chester, som betyr fort eller forsvarsverk. Kjelder tyder på at fortet vart bygd på ordre frå keisar Diokletian mellom 285 og 290 evt. Det skal vere det best bevarte romerske fortet nord for Alpane. Ein hall og eit tårn frå 900-talet er avdekte innanfor murane til fortet.

Så kørde vi til Portsmouth, ein by på ei øy med ein marinebase der 2/3 av den engelske marinen held til. Lunsjen vart inntatt på Boathouse 7, ved museums- området Portsmouth Historic Dockyard. Der låg også Lord Nelsons flaggskip HMS Victory ved kai. Lord Nelson brukte det i slaget ved Trafalgar i 1805 under krigen mot Frankrike. Sjølv om Lord Nelson vart skoten på skipet, vann England og The Royal Navy slaget og bidrog til sigeren over Napoleon i 1815.

Eit anna viktig skip på dette museet er krigsskipet «Mary Rose», ein karakk som vart bygd i 1510/11 og sett i teneste i 1512 under Henrik VIII. Skipet gjorde teneste med stor suksess i 33 år i fleire krigar mot Frankrike og Skottland, men sokk på få minutt i stredet Solent ved Isle of Wight under kamp mot ein fransk invasjonsflåte. Da skipet fyrte av kanonane på den eine sida og skulle snu for å bruke kanonane på den andre sida, tok vinden tak i segla, slik at skipet kregga mot styrbord, tok inn vatn gjennom dei opne lukene etter at kanonane var avfyrt, og sokk! «Mary Rose» vart oppdaga av dykkarar i 1971, og stiftinga Mary Rose Trust heva skipet i 1982.

Ferda vår gjekk vidare mot Salisbury, der hotellet Holiday Inn Salisbury venta oss med ein god trerettars middag.

Tredje dag var vigd til det førhistoriske Wessex. Vi drog først til Wiltshire Museum, med ei av Englands finaste arkeologiske samlingar frå steinalder, bronsealder, romersk og angelsaksisk middelalder. I Wiltshire finn vi òg dei mest kjende neolittiske steinsetnadene: Avebury Stone Circle (ca. 3000 fvt.), Silbury Hill (ca. 2750 fvt.) og Stonehenge (ca. 3100 fvt.).

Salisburysletta med dels villmark og dels dyrka mark utgjer store delar av området som er kjent for førromerske arkeologiske funn, funn frå mesolittisk og neolittisk tid, dessutan frå bronsealderen. Stuart fortalde at her kom dei første busetnadene med tilverking av finare steinreiskapar og dyrking av mat.

Frå Wiltshire Museum drog vi i retning Avebury saman med Fay Stevens som lokal guide. Her ligg ein enorm neolittisk steinsetnad som omsluttar landsbyen. Vi er på angelsaksisk grunn her på ein veg som gjekk heilt til London. Det er eit av dei største og finaste oldtidsminna av dette slaget i Europa og datert til ca. 3000 fvt. Det er såleis samtidig med Stonehenge og består av tre omfangsrike steinsirkclar, ein ytre sirkel og to mindre sirkclar på innsida av monumentet. Den ytre steinsirkelen er omslutta av ei stor grøft med tilliggande voll, slik at vollen hindra både inn- og utsyn. Det er usikkert kva som var føremålet med dette monumentet, men truleg vart det nytta til ulike ritual eller seremoniar.

Etter ein god lunsj køyrde vi vidare mot Avebury for å sjå Silbury Hill, den høgste førhistoriske og menneskeskapte haugen i Europa. Han er 40 m høg og rommar 248 000 kubikk-meter masse. Diametern er på grunnplanet 167 m. Silbury Hill er bygd av kalkstein og leirjord henta frå nærrområda. Det må ha tatt 500 arbeidarar på heiltid 15 år å bygge haugen. Det er utført fleire arkeologiske undersøkingar av haugen, men få funn er gjorde her (berre flint og anna fyllmateriale, iblanda dyrebein og gevir). Føremålet med haugen er usikkert.

Vidare bar det til West Kennet Long Barrow, ein langhaug (barrow) frå ca. 3650 fvt. og ein av dei største neolittiske gravhaugane i Storbritannia, 104 x 25 m. Langhaugen består av kammer, laga av store steinar, som vi kunne gå inn i gjennom ein 12 m lang passasje. Den indre gravhaugen tel fem kammer: først to, deretter to nyare og så det største innerst, på to til fire meters breidd og ei høgd på 2,5 m. Sjølve haugen er på det høgste 3,2 m. Gravhaugen var i bruk fram til ca. år 2500 fvt. Det er funne bein etter minst 30 individ her. Gravstaden har vorte brukt over fleire generasjonar før inngangen vart stengd. Kroppane vart lagde – utan hovud – oppe på åsen, slik at kjøtet på lika etter kvart vart borte. Beina vart så lagde i gravkammeret. Gravgoods som leirkar, perler og saker av stein, inkludert ein dolk datert til mellom 3000 og 2600 fvt., er funne i haugen.

Så gjekk turen til Stonehenge, eit av verdas mest kjende byggverk. Som Avebury Stone Circle, Silbury Hill og West Kennet Long Barrow står også Stonehenge på verdsarvlista. Stonehenge er ein sirkelforma, megalittisk steinsetnad, om lag 13 km nordvest for Salisbury. Sjølve steinsetnaden er rekna for å vere reist mellom 2500 og 2000 fvt., dvs. i bronsealderen, men ringgrava, som er 100 m i diameter, og den sirkelforma jordvollen som omsluttar steinsetnaden, er eldre (ca. 3100 fvt.). Sjølve namnet Stonehenge kjem frå det gamalengelske ordet stanhengist, som betyr «dei hengande steinane».

Stonehenge består av svære, reiste steinar i to store sirkclar. Den ytre sirkelen er 30 m i diameter, og steinane er ca. 5 m høge. På desse kviler ei rad lange, horisontale steinar. Desse steinane er sandstein – sarsen-stein – tekne frå Marlborough Down, 30 km unna. Det er 30 steinar med 29 overliggarar som veg om lag 25 tonn kvar. Oversteinane var bearbeidde slik at dei til saman danna ein sirkel da dei låg på dei ståande steinane. To eller tre portalsteinar har vorte reiste rett innanfor opninga i nordaust. Av desse finst berre den ca. 5 m høge såkalla slaktarsteinen, som no ligg framfor den store sirkelen. Den har vorte raud av reaksjon med vatn; fargen er ikkje bevis på menneskeofring.

Den indre sirkelen består av fem par høge steinar med ein horisontal stein for kvart par (ein trilitt). Sirkelen er open mot nordaust. I midten ligg det såkalla altaret – ein 4,6 m lang, flat stein, dobbelt så høg som steinane i den indre sirkelen. Steinen er ein grøn sandstein og veg ca. 6 tonn. Gjennom opninga går ein veg, der det vart reist ein stein eit stykke utanfor vollgrava. For meir enn 3500 år sidan kunne ein om morgonen på årets lengste dag sjå sola

til venstre for denne steinen frå den sentrale altarsteinen. Men ettersom jordaksen har endra seg, er det ikkje i dag mogleg å observere dette fenomenet.

Stonehenge gjekk ut av bruk ca. 1600 – 1500 fvt. Det har vore fleire utgravingar her, der det er funne menneskebein etter om lag 150 individ som har vore gravlagde i 56 hòl i jorda. I vollgrava er det funne eit skejlett datert til ca. 2300 fvt., m.a.o. etter at dei ytre steinane vart reiste. Mannen var truleg ca. 30 år gamal. Det at han vart gravlagd her, tyder på at han var ein viktig person. Det er også grave ut ein gravplass for ein saksisk mann, datert til år 600 evt. Innanfor sirkelen som jordvollen dannar, var det grave ein sirkel med 56 hòl i jorda, kjende som Aubrey-hòla, etter John Aubrey. ein antikvar på 1600-talet. Han skal ha vore den første til å oppdage desse hòla. Minst 25 av dei, daterte til ca. 3100 – 3000 fvt., har innehalde kremerte lik.

Fjerde dag drog vi mot byen Bath, grunnlagd i samband med eit romersk bad. Vel framme passerte vi Abbey Church (katedralen) og gjekk deretter inn i The Great Bath med sin store terrasse med søyler og statuar. Romarane bygde bad og tempel i dalen der elva Avon rann med sine varme kjelder. Her står Julius Caesar, som forsøkte å invadere Sør-England, og her står òg keisar Claudius. Imidlertid er statuane frå 1700-talet, då badet vart gjenoppdaga. Det finst ein stein her med inskripsjon, datert år 76 evt., om keisar Vespasian, som vart keisar i år 69 evt., men badet vart bygd før det. Badet og tempelet var dei viktigaste stadene i Aquae Sulis (oppkalla etter den keltiske gudinna Sulis), av romarane òg kjend som Aquae Calidae (Varme vatn). På tempelets front var det eit keltisk andlet. Det viser samanblanding, men òg kontinuitet, mellom keltisk og romersk.

Vi drog vidare til Bradford on Avon, der vi åt ein herleg lunsj på idylliske The Weaving Shed ved elva Avon. Etterpå såg vi St. Laurence's Church i Bradford. Det er ei av dei angelsaksiske kyrkjene som har vorte lite ombygde eller endra i mellomalderen, og såleis den best bevarte av denne typen. Kyrkja er vigd til Sankt Laurence, og kjelder kan tyde på at ho er grunnlagd av Sankt Aldhelm rundt år 700, men arkitekturen tilseier 900- eller 1000-talet.

Så kom vi til Bradford Medieval Barn, ein tiendelåve frå tidleg 1300-tal. Han er 51 m lang og 10 m brei, og såleis ein av dei største låvane i engelsk mellomalder. Han vart brukt til å lagre tiende som godseigarane kravde inn frå undersåttane sine. Opphavleg tilhørte låven nonnene i Shaftesbury Abbey, det rikaste nonneklosteret i England.

Etter dette forflytta vi oss til Old Sarum, den eldste busetnaden i Salisbury. Dei eldste kjende spora etter bygningar her er frå ca. år 300 fvt. Old Sarum, som opphavleg var eit fort, låg på ei høgd, strategisk plassert ved to handelsvegar og elva Avon, om lag tre km nord for Salisbury. Fortet hadde ei oval form, 405 m lang og 360 m brei og med festningar som bestod av ein voll og ei vollgrav. Som festning (hillfort) i jernalderen kunne det vere lager for korn etc. under konfliktar. Romarane etablerte seinare ein base i nærleiken, kalla Sorviodonum. Etter at normannarane hadde erobra England, fekk byen namnet Salisberie etter jarlen som fekk området. Staden er også nemnd i Dommedagsboka, som «Sarisburia», og frå dette er namna Sarum og Salisbury avleia.

Ei normannisk borg av tre og torv, Sarum Castle, vart reist i 1069. Vilhelm Erobraren samla prelatar, adelege, sheriffar og riddarar frå sine område ved Old Sarum for at dei skulle sverje han truskap og lojalitet. I 1067 starta reisinga av ein katedral og eit bispepalass der. Katedralen stod ferdig i 1092, men brann ned fem dagar seinare. Ei ny festning vart bygd i stein, og i 1190 stod ein ny katedral ferdig. Da det etter kvart vart dårleg med plass på høgda, og vassforsyningane var dårlege, starta biskopen i 1219 bygging av endå ein ny katedral,

ved Avon. Rundt den nye katedralen vaks det fram ein ny by. Han vart først kalla New Sarum. Namnet Salisbury vart brukt om begge stadene, men etter kvart berre om den nye byen. Old Sarum vart forlatt i 1220 og forfall.

Femte dag bar det av stad mot Salisbury. Landskapet her er unikt. Salisbury er ein liten katedralby som ligg i utkanten av Salisburysletta. Den anglikanske domkyrkja er den vakraste i England! Inne i katedralen studerte vi dei vakre glasmaleria. Før det 14. hundreåret var det ingen glasmaleri i England, så mange av desse maleria frå mellomalderen har vorte flytta rundt, men mange har òg vorte øydelagde. Spiret på katedralen er det høgste i Storbritannia, med sine 123 meter. Katedralen har også verdas eldste fungerande ur, frå 1386. Trinity-kapellet var det første som vart ferdig i katedralen, og glasmaleria vart mala av kunstnarar frå Chartres i Frankrike. Det fremste klenodiet i katedralen er ein kopi av Magna Carta. Den opphavlege versjonen av dokumentet har truleg gått tapt, men det vart laga fleire kopiar av avtalen. Fire kopiar frå 1215 finst framleis, og den beste og finaste ligg i Salisbury-katedralen. Magna Carta var ein avtale mellom kong Johan utan land og adelen og dei geistlege. Avtalen gav adel og prestar store føremoner bl.a. i skattespørsmål, og tvinga kongen til å dele makta med desse to stendene. Magna Carta vart sett på som grunnlaget for det engelske parlamentet, og fekk på 1700-talet mykje å seie. Politikarane brukte då avtalen til å skaffe meir fridom til folk.

Frå Salisbury drog vi vidare mot Dorset. På vegen stoppa vi ved den merkelege figuren Cerne Abbas Giant, som er danna i fjellsida av kvitt, bart fjell. Dette er den største kritfjellfiguren i England, 180 fot høg. Cerne Abbas er ikkje førhistorisk; den er nemnd tidlegast i siste del av 1600-talet, og er skapt ved at torv er fjerna frå kritfjellet. Det er usikkert kva som er meininga med figuren.

Etter ein god lunsj i Dorchester drog vi til Maiden Castle i Dorset, ei jernalderfestning frå ca. 600 fvt. og ei av dei største og mest komplekse festningane i Europa. Festningsverket har utvikla seg over tid og vart utvida etter kvart. Arkeologen M. Wheeler avdekte fleire hus, lager for varer og mat, smie og gravplass. Det er funne leivningar etter 52 individ her, som kan tyde på at det var konflikhtar i lokal-samfunnet. Då romarane kom til England, tok dei Maiden Castle i bruk. Dei hadde militær aktivitet her, og bygde òg eit tempel.

Heimreisedagen opprann, og vi kørde mot Heathrow via Winchester, der vi besøkte katedralen og såg den historiske delen av byen. Winchester er administrasjonssenter i grevskapet Hampshire, men i angelsaksisk tid var byen hovudstad i kongedømet Wessex under kong Alfred den store. England vart samla på denne tida, og Winchester vart såleis også hovudstad i England fram til normannarane erobra landet i 1066. Stuart framheva at byen hadde tre hovudfunksjonar: militært, det største forsvaret var her; religiøst, Winchester bispedøme er eit av dei eldste i England, med Winchester Cathedral som senter; økonomisk, skattane vart innkravde her.

Bygginga av katedralen starta i 1079. Det er den lengste katedralen i Europa, med sine 170 meter. Han har normannisk arkitektur og er bygd av stein frå Isle of Wight. Han er ein del av eit tidlegare kloster, der den første kyrkja, Old Minster, vart bygd i 642 og inngjekk i klosterdanninga i 971. Normannarane reiv Old Minster i 1093 og bygde så katedralen. Bygging og ombygging pågjekk over fleire hundre år. Det firkanta sentraltårnet vart påbegynt i 1202 og har ein tydeleg normannisk stil.

Etter ein velsmakande lunsj gjekk vi opp til Winchester Castle, som var bygd over bymuren i det vestre hjørnet. Normannarane kom til Winchester direkte frå Hastings for å oppnå



Figur 4. Stonehenge, bygd ca. år 3000 før vår tid. Foto: Leif Dan Birkemoe.



Figur 5. The Bath, frå den store terrassen over badet. Foto: Leif Dan Birkemoe.



Figur 6. Salisbury-katedralen. Foto: Leif Dan Birkemoe.



Figur 7. Winchester-katedralen. Foto: Leif Dan Birkemoe.

kontroll med både skattane og pengane der. Deretter fór dei til London, som var hovudsetet for økonomien.

Berre The Great Hall, bygd på 1200-talet, står att etter Winchester Castle. I den store hallen heng det som er kjent som «Det runde bord i Winchester». Det har namna på riddarane i kong Arthurs hoff, og er truleg laga for ei riddarturnering ved ein festival. Det er av eik, og datert til mellom 1250 og 1280, då Edward I var konge. Han var opptatt av Arthurmytane, og ein entusiastisk deltakar på rundebordsfestivalar.

Vi såg òg palasset og bustaden til biskop Henry of Blois, biskop frå 1129 til 1171. Det vart reist i 1141 på ruinane av Wolvesey Castle, òg kjend som Old Bishop's Castle. Det var residens for biskopen, og i bruk frå ca. 1110 til ca. 1500, vart så fråflytta, og forfall etter kvart.

Vi avslutta vår flotte vartur på Heathrow, og landa kl 23.30 på Gardermoen, der 93 deltakarar takka kvarandre og turleiaren for ein særskild interessant, variert og hyggeleg tur.